

---

**Fra:** Anne Dahle Austrheim  
**Sendt:** mandag 30. oktober 2017 13.37  
**Til:** Mette Fauskanger  
**Kopi:** Sveinung Kvamme; Arthur Kleiveland  
**Emne:** Innspel frå Eldrerådet til budsjett 2018

Hei!

På møtet i eldrerådet 24.10.17 vart det orientert om budsjett for 2018 og det vart i etterkant av orienteringa drøfta irådet kva innspel ein hadde til budsjettet.

Som innspel til budsjett 2017 hadde eldrerådet mellom anna med punkta nedanfor og ein ønskjer å spele desse inn igjen til budsjettarbeidet for 2018.

1. *Eldrerådet etterlyser eit dagtilbod for ulike brukargrupper blant eldre og blant personar knytt til rus- og psykiatriomsorga som ikkje har lovfesta rett til tilbod. Rådet har inntrykk at det er eit udekkja behov, og ber om ei kartlegging. Å sikra dagtilbod for personar med behov vil vera forebyggjande og gje stor auke i livskvaliteten. Eldrerådet vil be administrasjonen om å vurdera bruk av midtre del av tidlegare Radøy sjukeheim til dagsenter.*

2. *Rådet hadde ei drøfting kring situasjonen for omsorgspersonar som treng avlastning. Det kan hjelpe mykje på motivasjonen deira dersom dei kan forutsjå feriar og fridagar. Ei ordning der det vert avsett eit visst tal rom som inngår i ei rullerande avlastningsordning, kan spara mykje krefter. Eldrådet vil i første omgang be om at behovet vert kartlagt. Rådet vurderer avlastning som eit området der ein bør få på plass ei god og stabil ordning. Eldrerådet ber om at behovet for avlastningsplassar vert kartlagt. Det er viktig at omsorgspersonar får ein forutsigbar kvardag der dei til ei kvar tid veit når dei får avlastning.*

Med helsing

Anne Dahle Austrheim  
Leiar kultur- og sørvistorget, Radøy kommune  
Tlf 56 34 90 00



Kultur- og sørvistorget: Opningstider man-fre mellom kl 8.30- 15.00.  
Informasjon, dagleg drift av arkivet for rådhuset, skular og barnehagar, postføring, kultur, heimesider, turistkontor, tenester for innbyggjarar og besökande.